
Saksnr: 2021/42288-1
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021

Oppstartssak for temaplan forskning

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek oppstart av arbeidet med temaplan forskning, i tråd med ramma for arbeidet slik det er lagt fram i saka.

Samandrag

Fylkestinget i Vestland gjorde 16. juni 2021 vedtak om å få utarbeida ein «Temaplan forskning, blant anna med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling». Det er forslag om at Temaplan for forskning skal a) avklare viktige regionale forskingsbehov og korleis forskning kan vidareutviklast som verktøy i regionale innovasjonsprosessar b) vere styrande for Vestland fylkeskommune og den regionale partnerskapen sitt arbeide på dei fag- og temaområde som planen inkluderer og c) vere førande for fylkeskommunen sine verkemidlar innan forskingsfeltet som Regionalt forskingsfond, Forregion Vestland og tilsvarande. I saka vert det lagt fram forslag planprosess, tidsløp samt tema og alternativ som skal verte vurdert i planarbeidet. Vedtak av plan i fylkestinget desember 2021.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Vestland gjorde 16. juni 2021 vedtak om å få utarbeida ein «Temaplan forskning, blant anna med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling». Vedtaket var del av saka «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling»

Om temaplan som planform

Temaplanar er heimla i kommunelov eller sektorlov og skal utarbeidast på grunnlag av regional planstrategi eller regional plan. Temaplanar kan utarbeidast for fagfelt der fylkeskommunen som tenesteproducent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet. Prosesskrava i plan og bygningslova gjeld ikkje for temaplanar. Det er likevel lagt opp til å utforme temaplanen i tråd med fleire av desse.

Temaplan forskning skal bidra til samordna innsats og bruk av verkemiddel innan fagfeltet forskning. Det skal leggjast særleg vekt på regionale forskingsbehov og forskning si rolle i regionale innovasjonsprosessar.

1.0 Føremål og viktige avklaringar

1.1 Føremålet med planarbeidet

[Utviklingsplan for Vestland](#) gir føringar for regionalt planarbeid i perioden 2020 – 2024. Forsking er omtala i samband med vedtak om å utarbeide ein regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Utviklingsplanen omtalar forskingsfeltet, og viser til eit behov som vert eit hovudføremål for temaplanen:

- *Avklare viktige regionale forskingsbehov og korleis forskning kan vidareutviklast som verktøy i regionale innovasjonsprosessar.*

Nyleg vedteken regional plan for innovasjon og næringsutvikling legg også viktige føringar for arbeidet med Temaplan forskning:

«Forsking har ei sentral rolle innovasjonssystemet. Vi skal stimulere næringsliv og offentleg sektor til å nytte forskning i eige utviklings- og innovasjonsprosessar, og som grunnlag for politikk og vegval. Vi skal auke finansiering av forskning gjennom regionale ordningar, og få betre uttelling i nasjonale og internasjonale forskings- og innovasjonsordningar. Det er behov for å vidareutvikle og skape nye arenaer for samarbeid om forskingsbasert innovasjon mellom næringsliv, offentleg sektor og forskingsaktørar, særleg i møte med dei utfordringane og moglegheitene Vestland står framfor.»

Følgjande føremål er foreslått å gjelde for planarbeidet:

- *Temaplan for forskning skal vere styrande for Vestland fylkeskommune og den regionale partnerskapen sitt arbeide på dei fag- og temaområde som planen inkluderer.*
- *Temaplan for forskning skal vere førande for fylkeskommunen sine verkemidlar innan forskingsfeltet som Regionalt forskingsfond, Forregion Vestland og tilsvarande.*

1.2 Viktige avklaringar

I arbeidet med Temaplan forskning er det så langt lagt til grunn slik forståing:

Forskning er ein systematisk prosess for å skaffe fram ny kunnskap av original karakter.

FoU: «Forskning og eksperimentell utvikling (FoU) er kreativt og systematisk arbeid som vert utført for å oppnå økt kunnskap – her under kunnskap om mennesket, kultur og samfunn – og for å utarbeide nye bruksområde (anvendelser) av tilgjengeleg kunnskap». ([Frascati-manualen 2015](#))

Behovet for forskning vil gjelde på minst tre nivå:

- Bedrifter/off. organisasjonar og frivillig sektor - for å auke kunnskap og bidra til konkrete løysingar/innovasjonar i eiga verksemd
- Bransjar/sektorar - for å auke kunnskap eller løyse utfordringar på vegne av fleire
- Samfunn – for å auke kunnskap og bidra til løysing på større samfunnsutfordringar, t.d. regionalt, nasjonalt eller globalt – utforming av regelverk, standardar, policy m.v

Regionale forskingsbehov vert forstått som forskning som kan bidra med ny kunnskap i møte med viktige problemstillingar i eit geografisk område - her gjeldande for Vestland fylke – jfr dei tre nivåa over

Samfunnsoppdrag – og forskinga si rolle i forhold til desse

Nokre problemstillingar er større og meir omfattande enn andre. Vestland fylke har mål om nullutslepp innan 2030. Korleis kan verdiskapinga i olje og gass erstattast med nytt grønt næringsliv? Kva skal vi starte med, kva behov må kome først og sist? [Scenarioanalysen](#) for næringslivet gir viktige innspel som vert fulgt opp gjennom arbeidet med regional plan for berekraftig verdiskaping. Det er likeins klart at EU sin «Green deal» og [deira fem andre hovudprioriteringar](#) blir svært viktig for retning på samfunnsutviklinga i heile Europa. Regional utvikling skal dessutan skje innan ramma av [FN sine berekraftmål](#).

Temaplan for forskning skal ikkje arbeide med utforming av samfunnsoppdrag i Vestland fylke, men søke å definere forskinga si rolle og potensiale i desse.

Tidsperiode for planen

Planen skal gjelde for seks år i perioden 2022 – 2027, men verte revidert etter 2 år i samband med utarbeiding av ny regional utviklingsplan frå 2024 (ny valperiode i fylkestinget).

2.0 Planprosessen med tidsperspektiv og deltaking

2.1 Tidsplan for arbeidet

Temaplan forskning leggjast fram for endeleg politisk vedtak i Vestland fylkeskomme i desember 2021. Det betyr at arbeidet med å utvikle planen må gjennomførast i august, september og oktober 2021.

2.2 Deltaking og involvering

Ansvar for utarbeiding av Temaplan for forskning vert lagt til Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling ved fylkesdirektør Bård Sandal med seksjonssjef Kathrin Jakobsen som planansvarleg og forskingskoordinator Jone Engelsvold som prosjektleiar/leiar for plansekretariatet.

[FoU-forum Vestland](#) er prosessgruppe for planarbeidet og skal vere rådgivande til sekretariatet. Forumet skal gje råd om vidare involvering, høyringsmøte o.a. Forumet sett ned ei arbeidsgruppe som kan bidra til arbeidet mellom møta.

[Næringsforum Vestland](#) skal verte konsultert minst ein gong i løpet av planarbeidet.

2.3 Høyring

Gjennom FoU-forum Vestland er næringsaktørar, offentleg sektor og utdannings- og forskingsmiljøa direkte involvert i utarbeidinga av temaplanen. Det er likevel viktig å gi høve til meir formelle og skriftlege innspel til planarbeidet. Eit planutkast vert derfor lagt fram for avgrensa høyring til aktuelle interessentar før innarbeiding og framlegg til politisk behandling.

3.0 Tema og alternativ som skal verte vurdert i planarbeidet

I samband med utarbeidinga av regional plan for berekraftig verdiskaping er det drøfta ei rekke perspektiv med relevans for Temaplan forskning. Desse er kort omtala i avsnitta under, og skal verte vurdert vidare i planarbeidet.

3.1 *Tilnærming og perspektiv*

I arbeidet med prioriteringar innan forskingsfeltet er det relevant å drøfte om ein skal satse på:

- å verte betre der vi allereie er gode
- og/eller løfte område som er svake/næringar/tenesteområde med behov
- grad av å bringe fram ny kunnskap vs.. oppskalere eksisterande kunnskap
- å bidra til større regionale satsingar, og der forskingsarbeid kan verte finansiert gjennom nasjonale støtteordningar og/eller finansiering frå EU
- tema der det ikkje er tilstrekkeleg merksemd nasjonal og internasjonal på regionale forskingsbehov, eller å forsterke satsingar som også er på nasjonal/internasjonale agenda

3.2 *Både forskning og utvikling*

Planarbeidet må søke å avklare på kva område vi regionalt treng ny kunnskap og når vi heller treng å teste ut eksisterande kunnskap/vidare utgreiing. Desse spørsmåla er relevante innan mange næringar, t.d. prosessar knytt til utvikling av hagebruksnæringa i Vestland der begge perspektiv ofte må jobbe saman.

Viktig er det også å få fleire bedrifter og offentlege aktørar, spesielt kommunane, til å sjå forskning som naturleg del av sitt utviklingsarbeid. Lågterskeltilbod er viktig å ha med vidare, som [SkatteFUNN](#) og [FORREGION Vestland](#) med sine tilbod til bedrifter om «kompetansemekling», «forskar til låns», «FoU-møte» og støtte til «forprosjekt».

Samarbeide mellom ulike aktørar innan økosystemet for innovasjon er viktig for å få løyst ut potensial for kombinasjon mellom erfaringsbasert og vitskapleg basert kunnskap.

3.3 *Sentrale kjenneteikn knytt til forskning si rolle i regionale innovasjonssystem*

Planarbeidet må ta omsyn til at forskingsfeltet har nokre særtrekk som det er viktig å ta omsyn til. Eit knippe slike trekk kan i kortform vere:

- Forsking som arbeidsform stiller eigne krav til kvalitet og metodikk
- Rolla til den opne forskinga som inneber deling av data, resultat og involvering av borgarane
- Organisering av forskingsarbeidet – offentleg og privat
- Finansiering av forskning – overføring, tilskot, oppdrag
- Forskingshierarki – kven engasjerer seg i kva
- Forsking er innsatsfaktor i samspel med andre verkemiddel
- Samspel mellom forskarar og brukarar av forskingsresultat
- Fordel med fleire med forskingskompetanse utanfor akademia
- Ofte stor avstand, ulike interesser og kommunikasjonsvanskar
- Rettar til og kommersialisering av forskning må vurderast
- Forskingstenester som vare – forskning som bransje og sysselsetting

3.4 *Nokre særtrekk ved forskingsfeltet i Vestland fylke*

Det er mange faktorar som påverkar forskingsfeltet. Under følgjer nokre særtrekk for Vestland fylke som planarbeidet både må vurdere nærare og ta omsyn til:

- **Organisering av forskning:** I Vestland er det ein stor universitet- og høgskulesektor som utfører betydeleg med forskning. Det er også fleire både små og store forskingsinstitutt med høg fagleg kompetanse innan relevante kunnskapsområde for utviklinga i Vestland fylke. I bedrifter og kommunar er det lågare volum av eigenutført forskning i høve til kva ein kunne forvente gitt næringsstruktur, talet på bedrifter og talet på kommunar. Dei siste åra har etablering av nærings- og innovasjonsklynger samt ulike forskings- og innovasjonssenter styrka samarbeidet mellom akademia og bedrifter/offentleg sektor.
- **Finansiering av forskning:** UHI sektoren har til ein viss grad direkte finansiering av forskning via Kunnskapsdepartementet eller Forskringsrådet. Ut over dette er forskingsfinansieringa i stor grad prosjekterelatert og søknadsbasert til ordningar som RFF, Forskringsrådet, EU + nokre private fond og ordningar. Forskringsstatistikken syner at aktørane i Vestland ikkje når tilstrekkeleg opp i konkurranse med andre regionar når det gjeld eksternfinansierte innovasjonsprosjekt. RFF Vestland har berre vel 18 millionar kroner i årleg budsjett frå Kunnskapsdepartementet.

- **Kompetanse til forskning:** Forsking som verktøy er avhengig av høg kompetanse. I Vestland er det mange organisasjonar med svært høg kompetanse til forskingsarbeid. Desse er tilsett ved universitet, høgskule og instituttsektoren, men i aukande grad også i næringsliv og offentleg sektor. Det siste fordi langt fleire tek ei forskarutdanning utan tilbod om jobb innan academia. Slik får fleire aktørar innan privat og offentleg sektor tilført kompetanse til forskning som verktøy i egne innovasjonsprosessar.

Temaplan forskning må vurdere korleis desse føresetnadene kan verte vidare utvikla for å styrke forskingsfeltet i Vestland fylke.

3.5 Mobilisering til forskning

Forskingsmobilisering er viktig for å utnytte potensialet ved forskingsaktivitet som verktøy i regionale innovasjonsprosessar.

[FORREGION Vestland](#) -prosjektet skal bidra til å avklare forskingsbehov i bedrifter og legge til rette for samarbeid mellom bedrifter og forskingsorganisasjonar om felles FoU-prosjekt. Kwart fylke har sitt FORREGION-mobiliseringsprosjekt med finansiell støtte frå Forskingsrådet innan Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) sitt budsjettområde. Regjeringa har vedteke frå 2022 å overføre denne delen av FORREGION programmet direkte til fylkeskommunane, og KMD har sett i verk arbeide med ei forskrift for ordninga.

«[Kapasitetsløft](#)» er også del av FORREGION programmet, men vert vidareført med Forskingsrådet som ansvarleg. Det er to prosjekt innan Kapasitetsløft med ansvarleg i Vestland fylke, [KABIS](#) og [Teknoløft Sogn og Fjordane](#). Ordninga skal bidra til auka verdiskaping og omstilling i næringslivet ved at fleire fagmiljø ved universitet, høgskular og forskingsinstitutt (UHI) vert meir relevante samarbeidspartnarar for det regionale næringslivet. Det er lyst ut midlar til nye kapasitetsløftprosjekt med ein søknadsfrist i september 2021. Det er ein føresetnad at prosjekta er forankra i fylkeskommunen sine planar og strategiar.

Det er ikkje noko nasjonalt FORREGION program med mobilisering til forskning i kommunal sektor. Ei slik ordning ville styrka arbeidet med innovasjon i kommunane. Det er ei oppgåve å avklare nærare kva vi regionalt kan få til utan støtte frå Forskingsrådet eller andre nasjonale ordningar.

Ordninga med Skattefunn er mykje nytta som lågterskeltilbod for bedrifter med innovasjonsbehov. Ordninga omfattar også reine utviklingsprosjekt, men er potensielt viktig som introduksjon til forskning som verktøy i innovasjonsarbeidet.

Fleire meir strukturelle forhold er viktig for å mobilisere til meir forskning. Mellom desse er kapasitet i FoU-miljøa, løpande utlysingar og kort behandlingstid for søknader ofte trekt fram som særleg viktige.

Utdanning og forskning står i eit vesentleg forhold til kvarandre. Utdanningsinstitusjonane skal få fram rett kompetanse og dei beste kandidatane til arbeidslivet (næring, forskning, offentleg og anna verksemd). Utdanning er også i mange høve eit verktøy for kopling mellom behov og FoU-organisasjonar. Dette samspelet må verte utvikla slik at absorpsjonskapasiteten (evne til å forstå og ta i bruk) både er høg og tilpassa samarbeid mellom bedrifter, offentlege verksemder og FoU-institusjonar – sjølv når desse har ulik kompetanse, erfaring og behov.

3.6 Forsking som verktøy i innovasjonsprosessar

FoU-forum Vestland arbeidde seinhausten 2020 med framlegg til korleis forskning kan tene som verktøy i innovasjonsprosessar. Temaplan forskning skal vurdere og utvikle vidare desse framlegga.

Aktuelle verktøy for å styrke forskinga si rolle i innovasjonsarbeidet regionalt:

1. Mobilisering til meir bruk av forskning i næringsliv og offentleg sektor, med vekt på:
 - a) FORREGION Vestland bedrift; kompetansemekling, forskar til låns, temamøte, forprosjekt
 - b) Eiga satsing på mobilisering til forskning i kommunal sektor «FORREGION Vestland kommune»
 - c) Kompetansemekling som arbeidsmetode vert tatt i bruk av fleire
 - d) Prosjektverkstader – der bedrifter, kommunar, academia + fleire delar av verkemiddelapparatet deltek
2. Styrke og utnytte finansieringsordningane med vekt på:
 - a) Arbeide for å styrke RFF Vestland finansielt (som både nasjonal ordning og regional satsing)

- b) Få gode resultat i Forskringsrådet, særleg Innovasjonsprosjekt og større miljøprogram), Skattefunn og Horisont Europa
 - c) Sterkare grad av kommunal og regional offentleg medverknad i prosjektutvikling – søknad og gjennomføring
3. Fleire gode arenaer for forskning og samarbeide med vekt på:
- a) Forskingssenter og nærings- og fagklynger til Vestland – fleire og sterkare – vurdere å utvikle «noder»
 - b) Nye og betre samarbeidsformer som underbygger komplementær styrke og fortrinn i Vestland – inkludert FoU-forum Vestland som arena for felles mobilisering og informasjonsflyt.
 - c) Regionalt EU-nettverk/EU rådgivarforum inn mot [Horisont Europa](#). Eit regionalt EU-nettverk skal etablerast i Vestland hausten 2021 med finansiering frå Forskringsrådet.

3.7 **Prioritering av viktige forskingsbehov**

FoU-forum Vestland arbeidde seinhausten 2020 med framlegg til prioritering av viktige regionale forskingsbehov. Desse må sjåast i samanheng med prioriteringar i regional plan for innovasjon og næringsutvikling – og fylkestinget sitt vedtak av denne 16 juni 2021.

Temaplan forskning skal vurdere og utvikle vidare desse framlegga.

Regionalt prioriterte forskingsbehov må bidra til FN sine berekraftmål, europeiske føringar og måla i Utviklingsplan for Vestland/Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Regionalt prioriterte forskingsbehov er venta å ligge til grunn for regionale satsingar, utlysingar og finansiering av forskingsarbeid.

Regionalt prioriterte forskingsbehov må ha ei klår forankring i kontekst som gjeld for Vestland fylke og rette seg mot samfunnsområde med berekraftutfordring og omstillingsbehov. Viktige trekk og utfordringar knytt til dette er mellom anna

- Eit næringsliv med sterk oljeavhengigheit og vesentleg internasjonal marknadstilknytning,
- Ein maritim tradisjon og mykje kompetanse innan heile feltet av havnæringar - inkludert fiskeri og havbruk,
- Eit landbruk med mykje små bruk i eit naturmiljø særleg utsett for klimaendringar,
- Sterke industritradisjonar med høg kompetanse og internasjonal marknadsposisjon, der det er potensial og behov for meir berekraftig omstilling
- Stor skilnad på folketal i største og minste kommunar og mykje spreidd busetnad utan om Bergen og andre sentra som påverkar utvikling av offentleg infrastruktur og tenesteproduksjon.

Meir detaljert nivå som må avklarast i planarbeidet:

Ei meir detaljert prioritering av regionale forskingsbehov vil ha ei kortare tidshorisont. I satsingar, utlysingar og finansiering skal ein særleg prioritere og presisere regionale forskingsbehov knytt til :

1. Berekraftig og eksportretta industriutvikling
2. Sirkulær økonomi – berekraftig ressursforvaltning innan t.d. industri, mineralutvinning, avfallshandtering og forbruksmønster.
3. Bioøkonomi «blå» og «grøn» - produksjon av mat og berekraftig bruk av biologiske ressursar i Vestland
4. Havøkonomi (teknologi, energi, fornybar, maritim/shipping),
5. Klimatilpassing – generell samfunnstryggleik og beredskap og særlege behov innan landbruket
6. Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på kommunar og fylkeskommunar sine behov
7. «Grønn» gjenoppbygging av reiselivet etter pandemien

Vedtakskompetanse

Delegasjonsreglement 2.1.6. Godkjenning av oppstart av tema-/strategiplan:

Fylkesutvalet skal godkjenne oppstart av tema- og/eller strategiplan etter tilråding frå hovudutvalet.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Kostnader i samband med temaplan forskning vil i stor grad vere knytt til program som er direkte finansiert over Statsbudsjettet - som Forregion og Regionale forskingsfond. Andre kostnader vert å vurdere i samband med årlege budsjett og - økonomiplanar.

Klima:

Ny forskingsbasert kunnskap vil spele ei vesentleg rolle i nå klimamåla og bidra til det grønne skiftet. Temaplanen tek mål av seg å avklare viktige regionale forskingsbehov, også i høve til regionalt definerte samfunnsoppdrag - slik som målet om redusert utslepp av klimagassar.

Folkehelse:

Folkehelse er eit relevant forskingsområde som vert vurdert i planarbeidet, særleg som del av behovet for ny forskingsbasert kunnskap innan dei kommunale tenestekområda.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

I utviklingsplanen er det nedfelt at forskingsfeltet skal innarbeidast i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, med ei slik formulering:

- Planen skal også avklare viktige regionale forskingsbehov og korleis forskning kan vidareutviklast som verktøy i regionale innovasjonsprosessar.

I vedteken regional plan for innovasjon og næringsutvikling er det bestemt å vidareføre dette ansvaret inn i eigen temaplan for forskning.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren rår til at temaplan forskning vert starta opp etter dei føringar som er nedfelt i saksframlegget.